

Rettleiar for å plote innspel i Geodata innbyggardialog

Steg 1: Utforsk kartet


- Når kartløysinga er opna, vil du sjå eit kart over Øygarden kommune
- Bruk navigeringsverktøya (zoom inn/ut, panorere) for å finne det området kor du ønskjer å plote innspelet ditt.
- Gjer deg kjend med kartet. Aktiver ulike kartlag i meny vist under:




Figur 1: Korleis sette på ulike kartlag.



Figur 2: . Kartet inneheld eit eige kartlag som viser alle tidlegare prioriterte tiltak i dei gamle trafikktryggleiksplanane for kommunane Sund, Fjell og Øygarden. Desse tiltaka vil bli vurdert og prioritert på lik linje med innspela som kjem inn i denne innspelsrunden.



Figur 3: Trykk på punkt eller strekning for å få opp informasjon om tidelegare prioriterte tiltak.



Figur 4: Trykk på laget nye innspel for å få ein oversikt over innspel som har kome inn i denne innspelsrunden.

Steg 2: Plotte innspel

- Velg verktøyet for å legge til innspel i menyen, strek for lengre strekning eller legg inn punkt

Fyll ut nødvendig informasjon i skjemaet som dukkar opp:

- **Kven representerer du:** Trykk enten lag/organisasjon eller privatperson
- **Skriv kva tiltak du ynskjer.** Døme: Gang- og sykkelveg, nedsett fartsgrense, breiddeutviding av veg, fartshump, veglys, fotgjengarovergang m.m.
- **Grunngjeving:** Kvifor er det behov for tiltak her?
- **Plasser eit innspel i kartet. Punkt eller linje:** Vel enten knapp for Punkt eller Linje
- **Legg ved ei fil:** Her kan du laste opp bilder, tekst og anna.
- **Kontaktinformasjon:** Skriv inn namn

Trykk **lagre** for å sende inn innspel. Dersom ein ønskjer å legge inn fleire innspel trykk lagre og gi nytt innspel.

Figur 5: Døme